



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Nord- Etnedal sokneråd**

**Nord- Etnedal sokneråd**  
**MØTEPROTOKOLL**

Tid: **Onsdag 15. november 2023**  
Stad: **Kl. 18.30 i Kyrkjestogo, Nord-Etnedal kyrkje**

Tilstades: Turid Hagaseth Byfuglien, Elin Hestekind, Oddvar Bergsbakken, Thor Olav Hjelleset, Solfrid Skogstad og sokneprest Marit Slettum

**Drøftingssaker/orienteringssaker**

Desse vart tatt undervegs i møtet.

**SAKSLISTE**

**Sak 32/2023 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**Vedtak:** Innkalling og saksliste godkjent.

**Sak 33/2023 Godkjenning av møteprotokollane frå 1. november 2023**  
**Vedtak:** Møteprotokollane frå 1. november godkjende

**Sak 34/2023 Gudstenesteliste**

Oversikt over kyrkjeåret med inndeling etter dei liturgiske fargane, samt gudstenesteliste frå 10. desember til 17. mars, vart delte ut og gjennomgått av soknepresten.

**Vedtak:**

Gudstenestelista vart godkjent som vist i oversikten og med tillegg om ansvarleg soknerådsrepresentant på dei ulike gudstenestene:

10. desember:	Solfrid
24. desember:	Oddvar
7. januar:	Thor Olav
28. januar:	Turid
18. februar:	Elin

Oppgåvene til ansvarleg soknerådsrepresentant:

- Brannvakt, vere ansvarleg for å få ut folk  
Det blir etter kvart brannøving med kyrkjetenaren.
- Selje kort og blomsterhelsingar
- Elles vere merksam om nokon treng hjelp

**Sak 35/2023 Innspel til advent- og juleprogram**

Desse dagane har naturleg nok sine tradisjonar som Marit orienterte om. No har vi 6 konfirmantar, og desse stiller opp med lysprosesjon, julespel og er tekstlesarar.

Julaftan deltek også Marit Lund med song.

## **Sak 36/2023 Representantar til utvala**

### **Vedtak:**

#### **Trusopplæringsutvalet: Elin Hestekind**

Forslag til frivillig representant: May Britt Steine

#### **Diakoniutvalet: Solfrid Skogstad**

Forslag til frivillige: Oddveig Bergsbakken og Jorunn Bergsbakken

#### **Konfirmantutvalet: Turid Hagaseth Byfuglien**

Forslag til frivillige: Karl Tonny Kvernmo og Inger Olaug Tollehaug

Kontaktperson Kirkens nødhjelp: Thor Olav Hjellose

Kontaktperson Kyrkjevarden: Solfrid Skogstad

## **Sak 37/2023 Jfr sak 25/2023 (Møteprotokoll)**

Sokneprest Marit Slettum orienterte om vedtaket frå Hamar bispedømmeråd i samband med omstillingsprosess i bispedømmet.

Her står det at soknepreststillinga i Etnedal vil bli redusert til 50 % stilling når noverande sokneprest sluttar

- Det nye soknerådet støttar vedtaket frå det gamle soknerådet i denne saka.
- Viktig med ei grundig konsekvensutgreiing når svarbrevet skal utarbeidast.

## **Sak 38/2023 Eventuelt**

- Alle var einige om at kurset vi var på 7. november, var interessant og lærerikt. Kurshaldarane var flinke og tydelege og delte oppgåvene på ein god måte.
- Einigheit om å påskjøne dei tilsette i kyrkja og dei som har jobba med utviding av kyrkjegarden til jul. Turid ordnar dette.
- Turid takkar også aktørane som deltek på julekonserten her i kyrkja torsdag 14. desember og gir dei ei påskjøning.

## **Neste møte for Nord-Etnedal sokneråd:**

Forslag om eit fellesmøte med Bruflat sokneråd onsdag 14. februar der vi planlegg kyrkjelydsfesten. Denne blir rimelegvis fredag 15. mars 2024.

Endeleg dato, møtestad og tid for fellesmøtet kjem seinare.

**Turid Hagaseth Byfuglien**  
Leiar

**Solfrid Skogstad**  
Sekretær